

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.02.2017

Vår ref.: 201208306-7

Arkiv: 312/027.EZ

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kirsten Marthinsen

Småkraft AS – Søknad om løyve til Øvre og nedre Lanes kraftverk i Bjerkreim kommune i Rogaland – høyring

NVE har motteke søknadar frå Småkraft AS, datert 16.1.2017, om løyve til å byggje Øvre og Nedre Lanes kraftverk i Bjerkreim kommune. Kraftverka er planlagt plassert i Storåna som er ein del av det verna Bjerkreimsvassdraget. Vassdraget er òg eit nasjonalt laksevassdrag. I Bjerkreimsvassdraget kan det gjevast løyve til kraftverk inntil 3 MW viss det ikkje går ut over verneverdiane. Begge kraftverka søkast med to alternativ, eit på 3 MW og eit på 1,1 MW.

Øvre Lanes kraftverk vil nytte eit fall på 38 meter i Storåna mellom kote 265 og kote 227. Vassvegen på 480 meter skal gravast ned heile vegen. Det er behov for å forlenga eksisterande traktorveg med ca. 150 meter ny veg som tilkomst til inntaket. Eksisterande traktorvegar må òg rustast noko opp for å fungere som tilkomst til inntaket og kraftstasjonen. Middelvassføringa i Storåna er ca. 6,85 m³/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 9,7 m³/s etter alternativ 1 og 3,6 m³/s etter alternativ 2. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3/1,1 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 14,5 GWh etter alternativ 1 og 8,1 GWh etter alternativ 2. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 450 m lang strekning i Storåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 510 l/s heile året.

Nedre Lanes kraftverk vil nytte eit fall på 34 meter i Storåna mellom kote 224 og kote 190. Vassvegen på 300 meter skal gravast ned heile vegen. Det er behov for å forlenga eksisterande traktorveg med ca. 20 meter ny veg som tilkomst til inntaket og ca. 50 meter til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Storåna er ca. 7,2 m³/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 10,6 m³/s etter alternativ 1 og 3,6 m³/s etter alternativ 2. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3/1,1 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 13,8 GWh etter alternativ 1 og 7,7 GWh etter alternativ 2. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 450 m lang strekning i Storåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 530 l/s om sommaren og 670 l/s om vinteren etter alternativ 1. Etter alternativ 2 er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 550 l/s heile året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Det er òg søkt om løyve etter energilova for anleggskonsesjon til bygging og drift av Øvre og Nedre Lanes kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Bjerkreim kommune leggje to eksemplar av kvar søknad ut til offentleg ettersyn på Serviceavdelinga på kommunehuset fram til **31.3.2017**. Det eine eksemplaret av kvar søknad kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **31.3.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Kirsten Marthinsen
rådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Bjerkreim kommune
DALANE ENERGI AS
Dalane Friluftsråd
Dalane turlag
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
IVAR IKS
Lyse Elnett AS
Mattilsynet Region Sør og Vest
Miljødirektoratet
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Norges Miljøvernforbund



Norges Padleforbund
Rogaland fylkeskommune
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Stavanger Turistforening Hovedkontor

Kopi til:

Småkraft AS